

## VEDTEKTER

### 1. Føremål

Kvinnherad Hesteskysslag er ein medlemsorganisasjon som har som føremål å:

Arbeida for ein fornuftig og variert bruk av hesten slik at hestehald framleis kan vera ein naturleg del av bygdemiljøet vårt.

Organisera og marknadsføra aktivitetar rette mot lokalmiljøet og turistnæring.

Halda andre kurs om t.d. restaurering av hesteutstyr, lærarbeid og hovslagararbeid.

Tilby kurs og aktivitetar til skular, ppt, sosialkontor og funksjonshemma

Få laga utstillingar og aktivitetar om tema hest og hestehald.

### 2. Medlemsskap

Einskildpersonar, familiar, institusjonar, klubbar og lag kan takast som medlemmer i Kvinnherad Hesteskysslag.

Lagspengar vert fastsett av årsmøtet.

Kvar medlem kan melda opp fleire ekvipasjar, men ein vil bli prioritert og dei andre vil stå som reserve.

Alle som køyrer for laget skal vera medlem i laget.

Som medlem av laget plikter ein seg til å la alle betalte køyreoppdrag innanfor kjerneområdet f.o.m. Ljosnes t.o.m. Løfall bli organisert gjennom laget.

Køyreoppdrag utanfor kjerneområdet som ikkje er organisert gjennom laget kan utførast av medlemmer.

Dette må utførast som privat oppdrag og vert ikkje dekkja av laget si forsikring.

For å nytte anlegget til Kvinnherad Hesteskysslag vert det kravd medlemsskap eller leige. Leige skal vedtakast av styret i laget.

### 3. Styret

Laget skal ha eit styre på 5 medlemmer, valde av årsmøte. Ein av styremedlemene skal vera skrivar og ein kasserar.

Leiar vert vald av årsmøte for eitt år om gongen. Dei andre styremedlemene vert valde for 2 år, såleis at kvart år går to ut, fyrste gongen etter lutdraging.

Årsmøtet vel kvart år 2 vararepresentantar til styret. 1. vararepresentant har møteplikt og talerett, 2. vararepresentant har møte- og talerett.

Styret kan etter trong etablere arbeidsgrupper for ulike aktivitetar. Styret utarbeider instruks og vedtek arbeids- eller funksjonstid for gruppene.

Styret kan kallast saman så ofte leiaren finn det turvande, eller når 2 andre styremedlemmer krev det.

Styret er vedtaksført når 3 styremedlemmer møter og vedtak dei gjer er samrøystes.

Vedtak i styret vert gjort med simpelt fleirtal.

Ved likt stemmetal har leiaren dobbeltstemme.

Styret gjer avtale med kontaktperson.

#### **4. Årsmøte**

Årsmøte vert halde før utgangen av februar månad kvart år og gjort kjent med lysing eller skriftleg innkalling seinast 14 dagar før årsmøte.

Røysteføre på årsmøte er berre dei som har betalt kontingent og som har fylt 16 år for gjeldande år.

Saker til årsmøte må vera styret i hende 1 veke før årsmøte.

Alle vedtak vert, når ikkje anna er sagt, gjorde ved vanleg fleirtal.

Er det likt røystetal ved val vert valet avgjort ved lutdraging.

På vanleg årsmøte blir det lagt fram og gjort vedtak om:

Val av møteleiar

Val av skrivar

Val av 2 til å skrive under møteboka

Årsmelding

Rekneskap, delt i køyrerekneskap og lagsrekneskap

Budsjett

Val av leiar

Val av styremedlemer

Val av 2 revisorar

Val av 2 vararep.

Val av valnemnd

Val av godkjenningnemnd

Fastsetjing av lagspengar, trekkprosent og godtgjersle til kontaktperson og kasserar.

Innkomne saker

#### **5. Omframnt årsmøte**

Omframnt årsmøte kan berre ha føre dei sakene som er nemnt i innkallinga.

#### **6. Endring av lovene**

Laget sine lover kan endrast på vanleg årsmøte, men krev då 2/3 dels fleirtal i årsmøte.

#### **7. Oppløysing av laget**

Om laget skal løysast opp kan dette berre verta gjort med 2/3 dels fleirtal på eit årsmøte og med simpelt fleirtal på omframnt årsmøte minimum 1 månad etter.

Midlar som laget har inneståande ved oppløysing, skal tilfalla Kvinnherad Gjensidige Fjordhestlag til fremje av hesteinteressa i kommunen.

Midlane skal leggjast til grunnfondskapitalen.

(stadfesta på årsmøtet 2006)